

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE BERGEN HF

STAD: Finstuen, Bikuben konferansesenter
MØTETIDSPUNKT: 19. desember 2018, kl. 10.00-15.00

Styremøtet var ope for publikum og presse, med unntak av styresak 126/18 som vart behandla i lukka møte, jf. helseføretakslova § 26 a, 2. ledd. nr. 1 og 4.

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Svein Gjedrem	Leiar
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
Per Karlsen	Styremedlem
Rolf Martin Tande	Styremedlem
Mona Hellenes	Styremedlem
Anne-Margrete Bollmann	Styremedlem
Bjørn Østbø	Styremedlem
Irene Hopsdal	Styremedlem
Arvid Langeland	Styremedlem
Karen Anne Stordalen	Styremedlem
Geir Arne Sunde	Styremedlem

DELTAKARAR FRÅ BRUKARUTVALET

Inge Aareskjold Fiskvik	Leiar brukarutvalet
-------------------------	---------------------

FORFALL

Hjørdis Dahle	Nestleiar brukarutvalet
---------------	-------------------------

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Eivind Hansen	Administrerande direktør
Clara Gjesdal	Viseadministrerande direktør
Randi-Luise Møgster	Viseadministrerande direktør
Lasse Hatletvedt	Referent

Ved starten av møtet var det eit innlegg om forskning v/Lars Thore Fadnes, Forskningsleder AFR og Vibeke Bråthen Buljovic, leder Legemiddelassistert rehabilitering AFR

SAKLISTE

UNDERLAG

Sak 113/18 A Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 114/18 A Godkjenning av protokoll	Vedlagt
Sak 115/18 O Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak 116/18 O Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 117/18 A Budsjett 2019	Vedlagt
Sak 118/18 A Koordinering av luftambulansenesta og «flight following» av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest	Vedlagt
Sak 119/18 A Årleg melding 2018	Vedlagt
Sak 120/18 O Ny ordning for kvalitets- og pasientsikkerheitsutval i Helse Bergen	Vedlagt
Sak 121/18 O Tildeling av Helse Vest søkbare forskingsmidlar 2019	Vedlagt
Sak 122/18 O Årsmelding frå brukarutvalet 2018	Vedlagt
Sak 123/18 A Oppnemning av nytt brukarutval	Vedlagt
Sak 124/18 A Møteplan for 2019	
Sak 125/18 O Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt
1. Årshjul for styret i Helse Bergen 2019	
2. Referat fra brukarutvalet 29.10.2018	
3. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 02.10.2018	
4. Oppdatert protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 01.11.2018	
5. Utdrag Riksrevisjonens rapport - Styrenes oppfølging av kvalitet og pasientsikkerhet	
6. Utkast intensjonsavtale mellom Helse Bergen og Helse i Hardanger AS	
Sak 127/18 O Hending i akuttmottaket	Vedlagt

Lukka møte

Sak 126/18 A Godkjenning av protokoll frå lukka del av styremøtet 31. oktober (styresak 111/18 og 112/18)	Vedlagt til styret
--	--------------------

Styret sitt kvarter

Sak 113/18 A Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden vart godkjende.

Representantane for dei tilsette bad om at sak 127/18 vart flytta fram til etter sak 115/18 på sakslista. Styreleier svarte at saka vil bli teken opp på eit tidspunkt som gjer at det blir tilstrekkeleg med tid til ei grundig handsaming.

Sak 114/18 A Godkjenning av protokoll

Vedtak [samrøystes]

Protokoll frå styremøte 31. oktober 2018 vart godkjend.

Sak 115/18 O Administrerande direktør (AD) si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Ingen kommentarar.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og styremaktkrav

Ingen kommentarar.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen kommentarar.

4. Saker til oppfølging etter styremøtet

Ingen kommentarar.

5. Mediesaker

Ingen kommentarar.

6. Streiken på pasienthotellet

Ingen kommentarar.

7. Markering Trond Mohn

Ingen kommentarar.

8. Helseministeren lanserte pakkeforløp på Kronstad DPS

Ingen kommentarar.

9. Avtale mellom Helse Bergen og Universitet i Bergen om areal

*** notat ligg ved**

10. Etablering av Forskningscenter for klinisk behandling (Neuro-SysMed)

Ingen kommentarar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen tek meldingane til orientering.

Sak 116/18 O Rapport frå verksemda

Oppsummering

Føretaket har også denne månaden eit positivt aktivitetsavvik målt i DRG-poeng mot fjoråret, og hittil i år har vi no ein aktivitet som planlagt.

Ventetida for somatisk sektor har også hatt ei positiv utvikling sidan førre månaden, mendant ventetida for psykisk helsevern for vaksne har auka. For dei to siste sektorane er ventetidene framleis låge, innanfor regionale mål, og blant dei kortaste i landet.

Talet på fristbrot har også hatt ei positiv utvikling sidan oktober, mens talet på korridor-pasientar er tilnærma likt som førre månad.

Rekneskapan for november viser eit positivt resultat på kr 28 mill., kr 18,9 mill. betre enn budsjettert. Hittil i år viser rekneskapan eit negativt budsjettavvik kr 23,4 mill. Årsaka til det positive resultatet denne månaden er i all hovudsak oppjustering av DRG-pris for 2018 med verknad frå 01.01.18 og gevinst knytt til sal av eigedom. Prognose for året er uendra i høve til førre rapportering, kr 90 mill. i positivt resultat, det vil seie kr 20 mill. i negativt budsjettavvik.

Kommentarar i møtet

Styret meiner det er mykje i rapporten frå verksemda som er bra og er imponert over den innsatsen dei tilsette gjer for å nå så gode resultat.

Viktige tema i 2019 vil mellom anna vere ventetid, pakkeforløp for kreft, psykisk helsevern og strykingsprosent for operasjonar. Ein må tidleg prioritere slik at ventetida blir redusert. Når det gjeld pakkeforløp for kreft vil det vere av interesse å vite meir om utviklinga for dei kreftpasientane som av ulike årsaker ikkje blir inkluderte i eit pakkeforløp. Ein analyse av tema knytt til korridorpatientar i psykisk helsevern står allereie på styret si liste over saker til oppfølging, det er ønskjeleg at denne analysen kjem tidleg i 2019.

Når det gjeld utvikling i årsverktal generelt og særleg knytt til innføring av den nye mottaksmodellen, så ønskjer styret ei noko fylldigare framstilling av dette temaet. Det er ein diskrepans mellom det som no kjem fram når det gjeld utviklinga i lege- og sjukepleiarårsverk og signal frå ulike einingar om for lite bemanning.

Det økonomiske resultatet per november månad er godt grunna oppjustering av DRG-pris for 2018, men det viktigaste er den underliggjande utviklinga i økonomien og farten inn i 2019. Denne er framleis negativ når ein ser isolert på tal for drifta.

Det kom i diskusjonen fram ein del ønskje om å få meir informasjon om ein del tema, mellom anna leiing, HMS og arbeidsmiljø. Det vart og stilt spørsmål om det i rapporten frå verksemda kjem fram nok informasjon om risikobiletet i dei tala som blir lagde fram. Samstundes må mengda opplysningar styret får, vere balansert slik at det ikkje blir for mykje informasjon. Det er viktig at informasjonen styret får er dekkjande og at store forskjellar i utvikling mellom ulike einingar er synlege.

Til oppfølging

Plansjar om utviklinga i bemanning vil bli sende til styret, med kommentarar som gjevmeir informasjon om bakgrunnen for utviklinga.

Styret ønskjer å få vite meir om utviklinga for dei kreftpasientane som av ulike årsaker ikkje blir inkluderte i eit pakkeforløp eller er ferdig behandla innan normert tid.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tek saka til orientering.

Sak 117/18 O Budsjet 2019

Oppsummering

Budsjettprosessen er gjennomført etter planen som vart vedteken i styret i august 2018. I budsjettprosessen er det lagt vekt på å involvere tilsette, tillitsvalde, verneteneste og leiarar. Vedlagt følgjer og protokoll frå drøftingsmøte med hovudtillitsvalde dagsett den 7. des. 2018 og protokoll frå FAMU dagsett den 10. des. 2018.

Budsjettet er utarbeidd med basis i dei føresetnader som er gjevne ved framlegg til statsbudsjett for 2019 frå 8. okt. 2018, prognose for resultat Helse Bergen 2018 og tildelte rammer frå Helse Vest RHF for 2019.

Budsjettprosessen har følgd dei planar og fristar som har vore vedtekne. Budsjettdokument og drøftingsprotokollar for dei ulike einingane, og dessutan hovuddokument, var tilgjengelege for dei tillitsvalde minst ei veke før drøftingsmøtet.

Tysdag 4. des. og fredag 7. des. vart det gjennomført informasjonsmøte og grundig drøfting av budsjettframlegget med dei hovudtillitsvalde. Dette er viktig for budsjettprosessen, og det gav nyttige innspel i det vidare arbeidet med implementering av budsjett 2019. Informasjon frå dei tillitsvalde er gode moment i det vidare arbeidet.

Det er administrerande direktør si vurdering at rammene for 2019 er stramme. Innspel frå dei tillitsvalde peikar i stor grad på trong for auka ramme for å redusere risiko i einingane.

Etter administrerande direktør si vurdering har sjukehuset lagt fram eit stramt driftsbudsjett, men har samstundes lagt fram eit investeringsbudsjett med nokolunde tilstrekkeleg nivå når det gjeld investering i medisinsk teknisk utstyr.

Utover dette blir det vist til budsjettdokumentet som er lagt ved saka.

Kommentarar i møtet

Styreleiar innleidde med at det er viktig å finne ein god balanse mellom investeringar og drift. Helse Bergen har over tid klart å halde oppe ein god investeringstakt i bygg og medisinsk teknisk utstyr. Det kjem av god leiing, god oppfølging og god jamn drift over lang tid.

Alle midlane som kjem til Helse Bergen, blir brukte i Helse Bergen. Det er like viktig å investere i infrastruktur og utstyr som noko anna når det gjeld å støtte opp under god pasienttryggleik og god pasientbehandling.

Ein må og rekne med å få ein kraftig nedgang i resultata frå 2023-2024 når avskrivningane og rentene på dei store låna til Barne- og ungdomssjukehuset og protonsentret byrjar å slå inn. Det må derfor vere orden i økonomien når ein kjem fram mot denne perioden og eit overskot som er tilstrekkeleg stort til å handtere dei auka kostnadane.

Styreleiar fekk i førre møtet (styresak 104/18) fullmakt til å diskutere resultatkrav i 2019 med Helse Vest. Etter ein dialog har ein i forslaget til budsjett gjort framlegg om eit resultatkrav for 2019 på 120 millionar kroner.

Frå representantane for dei tilsette vart det kommentert at det er eit problem med overbelegg og korridorpatientar ein del postar. Det viser at det er ein faktisk mangel på senger etter omstillinga som vart gjort i samband med budsjettet for 2018. Eit døme på ei eining med for låg bemanning er fødeseksjonen på Kvinneklubben, men det blir no mindre pengar i budsjettet i 2019. Det same gjeld for delar av Barne- og ungdomsklubben. I tillegg bør ein vurdere å opne ein ny sengepost for augepasientane etter at den gamle vart lagd ned i samband med den siste omstillinga.

Vidare peika representantane for dei tilsette på at det ikkje er god nok samanheng mellom oppgåver og ressursar. Satsing på kompetanse ute i einingane blir gjerne nedprioritert når budsjettet er stramt.

Oppbygginga av ein stadig større økonomisk reserve i Helse Vest vart teke opp av fleire styremedlemer og vart diskutert i møtet. Det har vore ei forbetring med di at Helse Vest no er transparent når det gjeld kva som vert sett av til reserve og resultatkrav for Helse Vest. Styret meiner det bør vere ein dialog med Helse Vest når det gjeld oppbygging av reservar og korleis dei blir nytta og bad styreleiaren ta opp dette ved høve.

Andre tema som vart diskuterte, var samhandlinga med kommunane. Kva som skjer i primærhelsetenesta, har stor verknad på ressursbruken i sjukehuset. Det kjem ikkje godt fram i saksunderlaget. Det blir og viktig å lukkast med dei store IKT-prosjekta som no vert tekne i bruk og å få ut gevinstane av desse investeringane. Vidare viser

utviklinga at behovet for kirurgisk, intensiv og postoperativ kapasitet aukar, og det må ein ta omsyn til når ressursane skal fordelast.

Styret er elles nøgd med at det har vore ein god budsjettprosess med involvering av tillitsvalde og vernetenesta. Samstundes må ein ha eit aktivt forhold til risikoane og risikostyring av dei ulike delane av budsjettet. Styret merkar seg særleg etterleving av *den gylne regel* og behov for kirurgisk kapasitet som viktige risikoområde å følgje med på.

Vedtak [mot fire røyster]

1. Styret i Helse Bergen HF vedtek budsjett for Helse Bergen HF for 2019 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endingar innanfor ramma av vedteke budsjett.
3. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret på same format som i 2018.
4. Investeringsbudsjettet vert vedteke under føresetnad av driftsresultat på kr. 90 mill, det vil seie eit negativt avvik frå budsjett på kr. 20 mill i 2018. Revidert investeringsbudsjett skal leggjast fram for styret etter avslutning av årsregnskap 2018, dersom årsresultat avvik frå føresetnad i budsjettsaka.

Alternativt framlegg til vedtak [ikkje vedteke - Irene Hopsdal, Arvid Langeland, Karen-Anne Stordalen og Geir Arne Sunde stemte for]

1. Styret i Helse Bergen HF bed om at overskotet (resultatkravet) vert sett til null for å sikra pasienttryggleik, samsvar mellom oppgåver og ressursar og naudsynt kompetanse og bemanning, og styret bed administrasjonen serskilt om å:
 - setja i verk tiltak som avskaffar overbelegg-/korridorpasientproblema på Haukeland universitetssjukehus og Voss sjukehus
 - auka bemanninga på fødeseksjonen på kvinneklinikken for å sikra trygg fødsel
 - tryggja arbeidsmiljøet på barne- og ungdomsklinikken
 - vurdera skiping av ein sengjepost for pasientar med augnesjukdomar på augneavdelinga
2. Styret bed om at det vert rapportert om verksemda i same formatet som i 2018.
3. Styret bed om at det på grunnlag av råmene i pkt. 1 vert lagt fram eit revidert investeringsbudsjett til vedtaking etter at årsrekneskapen for 2018 er avslutta.

Sak 118/18 A Koordinering av luftambulansetjenesta og «flight following» av ambulanshelikopteroppdrag i Helse Vest

Oppsummering

Helse Vest fekk i føretaksmøtet 10. januar 2017 i oppdrag å: *«følge opp anbefalinga om at koordineringa av ambulanshelikoptertjenesta og flight following av ambulanshelikopteroppdrag vert utført frå ein AMK-sentral i kvar region»*. Ei arbeidsgruppe nedsett av Helse Vest har fått i mandat å anbefale kva for AMK-sentral i Helse Vest som skal ha ansvar for koordinering og flight following av luftambulanshelikopter i Helse Vest. Det er semje i arbeidsgruppa om at det ikkje er føremålstenleg å leggje AMK- LA funksjonen til Helse Fonna eller Helse Førde. Valet står difor mellom Helse Bergen og Helse Stavanger.

Tilrådinga frå prosjektgruppa er delt. Helse Fonna, Helse Førde og Helse Bergen, tilrår at AMK LA-funksjonen blir lagd til AMK i Helse Bergen. Helse Stavanger og Luftambulansetjenesten HF tilrår at AMK LA-funksjonen blir lagd til AMK i Helse Stavanger.

I vår grunngjeving for lokalisering av LA-AMK funksjonen til Helse Bergen har vi lagt vekt på at dette er ein sentral funksjon for å ivareta regionssjukehuset si rolle og at tryggleiken betre vert ivaretatt for luftambulanscrewane og pasientane ved at straumlinjeforma kommunikasjons- og avgjerdsliner følgjer den reelle pasientstraumen.

Vi er og opptekne av at Helse Vest må vidareutvikle eit regionsjukehus ved Haukeland Universitetssjukehus i tråd med Nasjonal helse- og sjukehusplan. Dette må bety utvikling av beredskapsorganisasjonen slik at han støttar opp om ei spissing av dei kritisk viktige medisinske funksjonane som inngår i eit regionalt traumesenter til eit sjukehus. LA-AMK funksjonen heng tett saman med rolla som regionalt traumesenter. Funksjonen har og naturleg kopling til Helse Bergen si beredskapsrolle som nasjonalt senter for behandling av brannskadde.

Kommentarar i møtet

Styret meiner det er viktig og rett at funksjonen knytt til koordinering av luftambulansen og flight following i Helse Vest blir lagt til regionsjukehuset, slik det kjem fram og er vist i denne saka. Forholda som kjem fram i rapporten frå Helse Vest er dekkjande og relevante. I tillegg legg ein vekt på at Helse Bergen over tid har hatt stabil bemanning og eit godt arbeidsmiljø på lokal AMK og difor er godt rusta til å ta på seg oppgåva.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Bergen tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til AMK i Helse Bergen. Helse Vest vil med dette fortsette å utvikle Haukeland Universitetssjukehus som regionsjukehus i Helse Vest i tråd med det som er lagt til grunn i Nasjonal Helse og Sjukehusplan.
2. Styret i Helse Bergen vil understreke at rolla som koordinator av luftambulansenesta må knyttast tett til rolla som regionsjukehus og rolla som regionalt traumesenter. På denne måten vil ein sikre ei god samling av kritiske beredskapsfunksjonar og tilhøyrande viktige funksjonar for eit regionalt traumesjukehus.
3. Helse Bergen vil forplikta seg til å gjennomføre eit godt mottak av funksjonen knytt til koordinering av luftambulansen og flight following i Helse Vest gjennom etablering av eit mottaksprosjekt. Helse Bergen vil gjere sitt til å sikre eit godt samarbeid mellom alle involverte partar i å utvikle denne funksjonen vidare.

Sak 119/18 O Årleg melding

Oppsummering

Årleg melding er ein rapport som viser korleis Helse Bergen HF har følgd opp dei ulike punkta i styringsdokumentet frå Helse Vest RHF. Innhaldet tek for seg dei helsefaglege, økonomiske og organisatoriske styringskrava. Det er også ein gjennomgang av strategi- og plandokumenta for 2018.

Kommentarar i møtet

Styret meiner at årleg melding gjev eit bilete av dei gode resultatane som vart skapte i Helse Bergen i 2018. Det er all grunn til å gje honnør til medarbeidarane for dei resultatane som er oppnådde.

Ein bør i meldinga sjå nærare på nokre av formuleringane om kompetanse og bemanning. I meldinga kjem det fram at det i psykiatrien er utfordrande med rekrutteringa på fleire område. Det er eit tema som bør få merksemd i tida framover.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Bergen HF vedtek Årleg melding for 2018.

2. Styret i Helse Bergen HF gjev administrasjonen høve til å oppdatere aktivitetstal, økonomital og med naudsynte kommentarar før Årleg melding blir send til Helse Vest RHF 15. januar 2019.

Sak 120/18 O Ny ordning for kvalitets- og pasientsikkerheitsutval i Helse Bergen

Oppsummering

Som ledd i å følgje opp *ForBedringsundersøkelsen* og styrke arbeidet med kvalitet- og pasientsikkerheit, har Helse Bergen oppretta eit sentralt kvalitets- og pasientsikkerheitsutval som består av Føretaksleiinga og føretaks-hovudverneombod. Alle kliniske nivå 2-einingar har eller er i ferd med å opprette lokale kvalitets- og pasientsikkerheitsutval. Den nye utvalsstrukturen er godt forankra i leiinga og skal bidra til tydelig og systematisk merksemd på forbetringsarbeid og pasient og fremje organisatorisk læring i og mellom einingane.

Kommentarar i møtet

Styret forventar at det blir utarbeidd ein plan for arbeid med pasienttryggleik i forlenginga av dette arbeidet.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek saka til orientering.

Sak 121/18 O Tildeling av Helse Vest søkbare forskingsmidlar 2019

Oppsummering

Det regionale samarbeidsorganet for forskning og innovasjon har 28. november 2018 tildelt midlar til 59 av dei totalt 276 søknadane som var sende inn innan fristen 15. september 2018. I tillegg til dei nye prosjekta, har 148 stipendiatar og prosjekt fått vidareført si finansiering. Vel 159 mill. kroner går til å finansiere dei nye og vidareførte prosjekta for heile regionen.

Det vart tildelt totalt 53,3 mill. kroner til nye prosjekt for 2019. Av dette går 22,5 mill. kroner til Helse Bergen. Av påbyrja prosjekt går 86,2 mill. kroner til Helse Bergen for 2019.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek saka til orientering.

Sak 122/18 A Årsmelding frå brukarutvalet 2018

Oppsummering

Det har i 2018 vore stor aktivitet i brukarutvalet i Helse Bergen. Dette går fram også av prosjektoversikt som er ein del av årsmeldinga.

Det er ein god dialog mellom brukarutvalet og sjukehusleiinga. Noverande utval byrja si funksjonstid i januar 2017 og fungerer ut 2018.

Kommentarar i møtet

Styret meiner at representantar frå brukarutvalet si deltaking i styremøta har gjeve eit verdifult tilskot til mange av diskusjonane i styret.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen tek årsmeldinga 2018 frå Brukarutvalet til orientering.

Sak 123/18 A Oppnemning av nytt brukarutval

Oppsummering

Helse Bergen har bede brukarorganisasjonane om å kome med kandidatar til nytt brukarutval for perioden januar 2019 t.o.m. desember 2020. Brukarutvalet vil med dette ha fem faste representantar frå FFO, to frå SAFO, ein frå Fylkeseldrerådet/pensjonistforbundet i Hordaland, ein frå Kreftforeningen, ein frå interesseorganisasjon innanfor rusfeltet og ein frå innvandrarrådet i Hordaland. Det er like mange vararepresentantar som faste medlemer.

Administrerande direktør vedtok i inneverande periode at talet på medlemer i brukarutvalet i Helse Bergen skulle aukast frå 10 til 11. Bakgrunn for endringa var også vedtak i programstyret for etikk- og kommunikasjonsprogrammet der invitasjon til innvandrarrådet om deltaking i brukarutvalet vart tilrådd. Styrkinga vart gjord for å oppnå større grad av likeverd, og at ein mellom anna kunne hjelpeetniske minoritetar på ein betre måte.

Det nye brukarutvalet vil halde sitt første møte 15 januar 2019.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Bergen oppnemner nytt brukarutval i Helse Bergen for perioden januar 2019 t.o.m. desember 2020 slik det er foreslått i saka.
2. Styret bed om at utvalet på første møte konstituerer seg og vel leiar, nestleiar og arbeidsutval.

Sak 124/18 A Møteplan for 2019

Oppsummering

Det er utarbeidd ein revidert møteplan for 2019.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen vedtek møteplanen for 2019.

Sak 125/18 O Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Sak 126/18 A Godkjenning av protokoll frå lukka del av styremøtet 31. oktober

Vedtak [samrøystes]

Protokoll frå lukka del av styremøtet 31. oktober 2018 vart godkjend.

Sak 127/18 O Hending i akuttmottaket

Oppsummering

Fylkesmannen i Hordaland har hatt tilsyn med Haukeland universitetssjukehus etter ei hending 15. oktober 2018, der ein mann med hjartesyjukdom døyde medan han venta på behandling i akuttmottaket. Det var mange alvorleg sjuke pasientar som kravde

behandling på same tid. Mannen vart liggjande utan tilsyn, uten tilkopling til skop. Han alarmerte med ringjesnora, men ingen oppfatta det.

Mannen kom inn med brystmerter og tilstanden vart vurdert til å ha nest høgaste hastegrad («oransje»). Etter avklaring av hastegrad vart han lagd på rom for seg sjølv. Det var fleire livstrugande sjuke («raude») pasientar i mottaket som helsepersonellet måtte prioritere. Då mannen vart sett til over ein time seinare, var det for seint.

Sjukehuset varsla straks Helsetilsynet om hendinga og Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn på staden med intervju av involvert helsepersonell og leiarar. Vedlagt saka er den endelege rapporten frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen leverte ein førebels rapport som Helse Bergen fekk høve til å kommentere. Dette vart gjort etter ein grundig gjennomgang av saka og omstenda rundt.

Pårørande og involverte tilsette blir fulgt opp.

Kommentarar i møtet

Denne saka vart flytta opp på saklista og vart behandla mellom sak 118/18 og 119/18.

Styreleier starta med å seie at denne saka handlar om to ulik ting. Det eine er sjølve hendinga og tilsynet sin rapport om denne. Det andre er ein diskusjon om kva for grep og tiltak ein skal gjere i tida framover for å sikre pasienttryggleiken. Styret ønskjer å få høyre meir om dette andre punktet i neste møte.

Vidare kommenterte han at det er to feil styret kan gjere i handsaminga av denne typen saker. Det eine er å skyve ansvaret oppover i styringslinja og peike på manglande ressursar. Det andre er å vurdere sjukehuset si totale funksjonsmåte ut i frå ei einskild sak. Det er mange indikatorar som syner at Haukeland sjukehus generelt har høg kvalitet på pasientbehandlinga og er trygt for pasientane.

Mottaksmodellen har vore tema i styret fleire gonger tidlegare. Av særleg interesse er styret sine kommentarar i styremøtet den 22. februar 2018 (styresak 19/18). Det er og verdt å nemne at styret i eit brev til internrevisjonen i Helse Vest (*Innspel til regionale internrevisjonar, datert 15.10.2018*) har bede om ein revisjon av mottaksmodellen.

Akuttmottaket har ikkje vore diskutert i styret som ei eining med urovekkjande høg belastning for dei tilsette eller med låg pasienttryggleik. Rapporten frå fylkeslegen syner at det har vore varsla om utfordringar fleire gonger frå dei tilsette si side, mellom anna i avvikssystemet.

Styret gjer si vurdering av hendinga med utgangspunkt i rapporten frå fylkeslegen. Rapporten er grundig og det er rimeleg å vere einig i dei vurderingane og konklusjonane som kjem fram der.

Styret meiner at Helse Bergen HF har ei god leiing. Det er likevel grunn til å rette kritikk mot administrerande direktør i den konkrete saka som gjeld oppfølging av utfordringane i samband med innføring av mottaksmodellen. Det gjeld at diskusjonen om fordelinga av ressursane mellom klinikkane fekk vare for lenge, og lenge etter at vedtak om omstilling var tatt, jf. og styreprotokoll frå styremøtet i februar 2018.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret retter kritikk mot leiinga i Helse Bergen si handtering av omstillinga til mottaksklinikk. Det gjeld at diskusjonen om fordelinga av ressursane mellom klinikkane fekk vare for lenge.
2. I lys av rapporten frå fylkeslegen ber styret om at administrasjonen beskriv forbetringstiltak retta mot rammene og dei underliggande styringsproblem som er omtala i rapporten, for å sikre pasienttryggleiken for pasientar og eit trygt arbeidsmiljø for helsepersonell.
3. Styret ber og om at ein ser på korleis saker som blir rapportert i avvikssystemet blir følgt opp.

Dato: 30. januar 2019

Svein Gjedrem	Styreleiar
---------------	------------

Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
----------------------	-----------

Per Karlsen	Medlem
-------------	--------

Bjørn Østbø	Medlem
-------------	--------

Rolf Martin Tande	Medlem
-------------------	--------

Mona Haugland Hellesnes	Medlem
-------------------------	--------

Anne-Margrete Bollmann	Medlem
------------------------	--------

Arvid Langeland	Medlem
-----------------	--------

Karen-Anne Stordalen	Medlem
----------------------	--------

Irene Hopsdal	Medlem
---------------	--------

Geir Arne Sunde	Medlem
-----------------	--------